

Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom

Bakgrunn:

I november lyste Barne, ungdoms og familiedirektoratet (BUFDIR) ut midlar mot barnefattigdom.

Meland kommune opplever utfordringar der stadig fleire av innbyggjarane opplever å bli arbeidsledig grunna oljekrisa og ringverknadane som følgjer. Dette fører til økonomiske utfordringar for mange, og særleg dei langtidsledige som blir fleire for kvar måned. Frå januar 2016 til januar 2017 har antal arbeidsledige auka med 50 personar. Totalt har Meland kommune 314 arbeidsledige.

Jamfør tal frå Nav.no og tal frå Meland Nav. I tillegg kjem 188 personar som får ekstra tilpasning i høve arbeidsoppfølging frå Nav og 143 som er på arbeidsavklaring (januar 2017).

Mange barn blir ramma indirekte gjennom familien sin økonomi og då er det særleg viktig at ein kan legge til rette for at barn får tilrettelagt muligheter for å delta på viktige sosiale arenaer som ferie og fritidsaktivitetar.»

Formålet med midlane er:

«Formålet med tilskuddsordningen er å motvirke og/eller dempe konsekvensene av fattigdom blant barn og ungdom.

Tilskuddsordningen skal være et virkemiddel for å bedre mulighetene for at flere barn og ungdom skal få delta på viktige sosiale arenaer, som ferie- og fritidsaktiviteter, uavhengig av foreldrenes inntekt og sosiale situasjon.

Det skal ikke stilles krav om kunnskap, politisk ståsted eller religiøs bakgrunn for å delta. Tilbudet skal så langt det er mulig ha lave eller ingen kostnader.

Det er et mål at tiltakene i tillegg til å oppfylle formålet også bidrar til et mer inkluderende fritidsmiljø.

For at søknadane frå Meland skal vera støtteberettiga er det eit krav at kommunen har ein knutepunktsfunksjon. Knutepunktsfunksjon er knytta til tenesteområdet Kultur, Frivilligsentralen. Frivilligsentralen kallar inn til møte/samarbeid med NAV, barnevern, PPT, skulerådgjevar, helsestasjon og psykisk helse som fungerer som ei knutepunktgruppe. Kommunikasjon med frivillig sektor skjer gjennom Frivilligforum som har regelmessige møte.

Søknadane skal vurderast og prioriterast administrativt og politisk. Det skal leggjast til rette for at barn og ungdom kan delta og ha innflytelse i prioriteringa.

Knutepunktgruppa set opp ei prioritert liste med vurdering.

Lista blir presentert i Ungdomsrådet for innspel før den blir behandla i Utval for levekår. Etter at lista er politisk behandla skal den prioriterte lista med grunngjeving sendast til Bufdir for behandling.

Vurdering:

Fattigdomsmidlane vi fekk i fjor førte til godt mottekne tilbod der målgruppa blei nådd. Vi nådde også barn og familiar som opplever fattigdomsproblematikk utan nødvendigvis å vera registrert i det offentlege systemet.



Det er komme inn 4 søknader frå Meland.

Vurderinga av søknadene skal ha bakgrunn i Bufdir sine krav om kva aktivitetar det kan søkjast tilskot til:

- «a) bidrar til at barn og ungdom berørt av fattigdomsproblemer og deres familier kan delta i kultur- og fritidsaktiviteter
- b) bidrar til at barn og ungdom berørt av fattigdomsproblemer og deres familier kan delta i ferieaktiviteter
- c) bidrar til deltakelse for barn og ungdom berørt av fattigdomsproblemer på alternative mestringsarenaer.»

Bufdir legg vekt på at dei i sakshandsaminga av søknadane kan leggje vekt på:

- « Søknader fra kommuner og bydeler med store levekårsproblemer.
- Tiltak som skjer i et samarbeid mellom frivillig sektor og forebyggende tjenester.
- Tiltak som fremmer integrering av barn og ungdom med innvandrerbakgrunn.
- Tiltak som retter seg mot barn og ungdom som vokser opp med foreldre med rusproblemer/psykiske vansker.»

Knutepunktsgruppa har i møte 9.januar 2017 sett opp ei prioriterings liste:

	Tiltak	Sum	Vurdering / grunngjeving frå knutepunktsgruppa
1	<p>Hengestedet:</p> <p>"Hengestedet" er eit 1-årig prøveprosjekt til alle ungdom i Meland mellom 13 og 19 år. Målet er å nå ungdom som opplever fattigdomsproblem, som har utfordringar i familiar der rus og psykiske sykdommar er ein faktor, har innvandrar- eller flyktningbakgrunn og skape ein god arena for sosial inkludering og mestring.</p> <p>Knutepunktsgruppa i kommunen vil vere eit viktig ledd i samhandlinga mellom kommunale tenester og frivillig sektor, og sørgje for at tilbodet når ut til flest mogleg i målgruppa. Det er ei målsetting å ha gode høve til å vidareføre det gode samarbeidet for framtida, med dei svært positivt resultat vi har sett på tvers av fagfelt og kommunal/frivillig sektor dei sista åra.</p> <p>"Hengestedet" skal vere opent to gongar i veka på sen ettermiddag/tidleg kveld (18-21). Tilbodet skal vere opent tre timar kvar gong, og vere ein inkluderande sosial arena. Tilbodet skal vere gratis</p>	200 000	<p>Positivt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tek utgangspunkt i ungdomsrådet si undersøkjing. - Lavterskel for å delta for barn som opplever einsemd og barn som fell utafor organiserte aktivitetar. - Viser fram ungdommen. - Positivt at det er ein vaksen ansvarleg person til stades. - Inkluderer Ungdomslag ulike stader i kommunen. - Når ei målgruppe som er vanskeleg å nå.

	<p>og opent for alle, og ta tak i nokre av behova som framkom i Meland Ungdomsråd si spørreundersøking blant ungdomsskuleelevar i 2016, der 293 ungdommar svarte. Dei tre behova som kom høgst var å møte andre ungdommar, ha nokon å prate med og komme seg ut frå heimen. Tilbodet skal ha inkluderande aktivitetar i lokale i kommunesenteret på Frekhaug, som passar godt til føremålet. Tilbodet er opent retta til alle ungdom i kommunen, uavhengig av bakgrunn. Her skal det vere sunn og god mat, spel, litteratur, leiker og film. Tilbodet skal nokre gongar takast ut i naturen, i samarbeid med frivillig sektor.</p> <p>Tilbodet skal ikkje drivast i sommar- og juleferie, men vil ha opent i haust- og vinterferien. I tillegg har det vore ytra eit ønskje frå ungdomsrådet, som òg kom fram i undersøkinga, om å ha nokre tilbod i skulekrinsane etter skuletid. Her skal to av ungdomslaga vere med å drive tilbodet, som lokale hengestadar, med fokus på leksehjelp, høve for å ha ein stad å vere etter skulen er ferdig og nokon å prate med. Særleg for ungdom i familiar med rusutfordringar og psykisk sykdom kan det vere svært viktig å ha eit alternativ etter skulen er ferdig. Tilbodet vil supplementere ettermiddags- og kveldstilbodet sentralt på Frekhaug.</p>		
2	<p>Kultur på kort: Kulturkort/inngangsbilletter til ulike sosiale arenaer. Kultur på kort gir inngangskort/billetter til ulike kulturtilbud som kan benyttes av barnefamilier og ungdom som ellers ikkje har mulighet til å delta. Dette er spesielt viktig inn mot fridager og høgtider for å gje konkrete opplevelser som kan være samlande og gje eit aktivitetstilbud på dagar som elles ikkje har organisert aktivitet (ferier, planleggingsdager, høgtider og lignende). Innkjøp og tilbud av inngangskort til ulike kulturelle og sosiale arrangement og areaner: Svømmehall (ADO-arena), badeland, kinobilletter, Vil Vite-senter, Akvariet, teater, museum og liknande tilpassa målgruppa.</p> <p>I Meland har vi hatt dette tilbodet sidan sommaren 2016 og ser at vi når målgruppa. Ved hjelp av knutepunktsguppe sikrar vi at målgruppa blir informert om tiltaket gjennom dei ulike tenestene i tillegg til annonsering og bruk av sosiale medier. Frivilligsentralen kjøper inn x antall billetter og inngangspass, og mottar bestillinger og utleverer</p>	50 000	<p>Positivt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Åpen for individuelle ønskjer. - Positivt at mottakar kan invitere med seg ein ven. - Familien kan gjera noko saman. - Gir felles opplevelsar og felles referanse punkt med andre barn. - Når målgruppa direkte. - Dekker heile kommunen

	billetter. Informasjon om tilbudet kjem ut i lokal presse på kommuneinformasjonen, på heimesida til kommunen og på frivilligsentralen sine nettsider og på facebook.		
3	<p>Sommaraktivitetar for barn: Sommaraktivitetar for barn er eit tilbod for barn i barneskulen i Meland – totalt 842 elevar får tilbod om å melda seg på. Det er plass til 30 – 40 barn kvar dag, avhengig av aktivitet. Ved hjelp av knutepunktsgroupe sørgar vi for at barn som opplever utfordringar i høve fattigdom, foreldre som slit med rus og psykiske lidingar og innvandrar får sikra plass på ferie aktivitet der dei deltek på lik linje med andre barn. Tilbodet har sosial inkludering som overordna mål.</p> <p>Lag og organisasjonar i Meland står for aktivitetane. Meland Frivilligsentral organiserar og koordinerer tilbodet.</p> <p>Dette er ein god arena for å synleggjera aktivitetar og å inspirere barn som fell utafør av ulike årsaker til å delta på viktige sosiale arenaer.</p> <p>Sommaren 2016 føregjekk sommaraktivitetar for barn den første veka i juli. Det er stor vilje i organisasjonene for å vidareføre tilbodet. Dette på bakgrunn av stor pågang frå barn som ville delta, at vi nådde målgruppa gjennom knutepunktsgroupe og fordi vi fekk gode tilbakemeldingar på tiltaket frå deltakarar, foreldre og dei organisasjonane som var med.</p> <p>Meland Frivilligsentral jobbar difor for at tilbodet blir utvida til to veker og skal føregå i veke 27 og 28 2017 mandag til fredag klokka 10 - 15.</p> <p>I styremøte i Meland Frivilligsentral 12.september 2016, gjorde styret følgjande vedtak: « Sak 25/16 Orientering om «Sommar aktivitetar for barn» og «Kultur på kort» Vedtak: Dersom BUFDIR lyser ut midlar mot barnefattigdom i 2017, vil Frivilligsentralen søke om midlar til «Sommaraktivitetar for barn i Meland» 2017.</p> <p>Gode erfaringar med tiltaket gjer at dagleg leiar ser på muligheten for å utvide ordninga til 2 veker i 2017.»</p> <p>Ulike organisasjonar saman med Frivilligsentralen står for aktivitetane. Aktivitetane kan også vera kurs i regi av organisasjonane, t.d. innføring i golf.</p>	150 000	<ul style="list-style-type: none"> - Fint at så mange frivillig lag og organisasjoner stiller opp. - Godt brukt tilbod - Får prøvd seg på ulike aktivitetar og er med å auke rekruttering til ulike organisasjonar. - Bidreg til inkluderande fritidsmiljø. - Treff dei barna som ikkje har råd til å reise på ferie, eller er råka av sjukdom/rus i familien. - Gir barna felles referansepunkt. - Alle kriterier som Bufdir vektlegg er dekkja.

	<p>Aktivitetane føregår frå mandag til fredag frå klokka 10 - 15.</p> <p>Organisasjonar som har klart program til no: Nordhordland Padleklubb Nordhordland Husflidlag Meland Golfklubb Kvernbit IL Holsnøy Kystlag</p> <p>Organisasjonar som har meldt inn at dei vil vera med i 2017 og jobbar med programmet: Ungdomslaget Framsteg Nordhordland Seilforening Meland Motorsportklubb Barnas Turlag Meland Bibliotek Meland Skyttarlag</p> <p>Det er viktig at barna deltar på aktivitetene innafor trygge rammer. Det er plass til 30-40 barn kvar dag på dei ulike aktivitetane, noko som krev at vi har høgt fokus på sikkerheit. Vi har mange frivillige vaksne som er med og hjelper til - men for å gjennomføre på ein god og trygg måte må vi ansette to assistentar/ungdomsarbeidarar i tre veker. Dagleg leiar på Frivilligsentralen koordinerer heile prosjektet.</p> <p>Nokre av aktivitetane føregår på og i nærleiken av sjø, noko som krev at vi også har fokus på utstyr.</p>		
4	<p>Film i bygden:</p> <p>Å gå på kino kan være en stor kostnad for en familie. Vi vil gi 1200 barn, ungdom og deres familie muligheten til å gå på gratis kino. Det vil være filmvisning også i skolens ferier. I tillegg tilbyr vi ungdom som faller utenfor typiske fritidsaktiviteter oppgaver de kan mestre og delta på. De setter opp utstyr, står i kiosken og gjennomfører andre praktiske gjøremål. Barn og ungdom får være med å velge hvilke filmer som skal vises. Alle som vil får være med. I kiosken vår har vi like priser som i matbutikker.</p> <p>Vi vil ha gratis filmvisning 1-2 ganger i måneden for barn, ungdom og deres familie. Det vil vises 2 filmer hver gang. En film for barn og en film for ungdom.</p>	50 000	<ul style="list-style-type: none"> - Flott tiltak, styrkar nærmiljøet. - Har aktivitetar i feriane. - Heile familien kan delta. - Lokalet har universell utforming. - Inkluderar målgruppa